

## Referat breiddestyremøte mandag 12.jan 2015 kl 1900 i Flostova

Tilstades:

Breiddestyret: Kirsti, Aina, Morten B, Morten L, Frank, Tom Rune. Forfall: Ann Helen, Peter

Sport/utviklingaavd: Marius Bøe, Marius Kloster. Forfall: Sebastian Kaldestad

### **01-15: Sportsplan**

Gjennomgang og diskusjon rundt innkomne innspel. Innspel gjeld lagsorganiseringskart, ungdomsfotball, litt knytta til aldertrinna 13-16, rollar i breiddestyret/breiddefotballen, hospitering, politiattest og rutinar kring påmelding på turneringar og cupar. Etter gjennomgangen blir innspela sydd saman og MB legg ut sportsplanen til høyring 15.jan. Status: Sportsplanen er ute til høyring no og ligg på nettsida. Alle trenarar/lagleiarar har fått epost om det.

### **02-15: Treningsavgifter 2015**

Går igjennom innstilling på treningsavgifter. Breiddestyret vedtek dei føreslegne treningsavgiftene for 2015

### **03-15: Sportskoordinator jente-/damefotball**

Jan Rune Årøy blir sportskoordinator for jentefotball. Han ynskjer ikkje å sitte som fast medlem i breiddestyret. Jan Rune er fast medlem i hovudstyret. Jan Rune tiltrer i rollen frå i dag.

### **04-15: Ymse**

*G99.* Blir eit eige G 16 lag. MB orienterer om møtet med foreldra 22.des. Viser elles til tidlegare utsendt referat i den saka.

*Status ulike lag og påmeldingar.* Epost er sendt ut til laga. Mange har rapportert tilbake allerede. Manglar pr i dag trenar til G 16 og frå sommaren av manglar vi trenar til J 15/16.

*Dommarkoordinator samling.* FH gir eit referat frå møtet 8.des. Mange gode innspel for å få opp dommarrekruteringa. Eit forslag er å ha ei gruppe på f.eks 3 dommarar som dømmer fast for eit lag. Skal også prøve å få rekruttdommarar til å være med meir røynde dommarar i ein trio, t.d. i 9ar kampar i starten, for å få erfaring i trio, og betre oppfølging.

*Politiattest status.* Manglar 37 politiattestframvisningar når fristen gjekk ut 15.januar. KMB sender ut ein epost til dei som enno ikkje har fått dette gjort i klubben vår.

*Epost frå trenar:* Unntatt frå offentlegheita

*Oppsummering Gol .* Svein Bakke er tilsett i ein prosjektstillingsenior. Dette var eit tema på Gol med ein workshop. Det er mange tidlegare ressurspersonar som er pensjonistar eller nærmar seg pensjonitalderen. Ein håpar å lage tiltak for at desse kan bidra inn mot klubben. Eit av tiltaka er pensjonerte lærarar som er leksehjelp på akademiet som starta opp no.

*Referat: Morten Bøthun*